



12. Verktøykasse

Eit viktig verktøy for å koma fram til årsaker bak fråværet er undringssamtalen. Det viktigaste er å få til ein god samtale, ikkje at ein følgjer verktøya til punkt og prikke. Spørsmåla skal bidra til samtale og refleksjon rundt tema. Vedlagt følger ulike skjema, samtalestarterar og andre visuelle og skriftlege verktøy som er tenkt å kunne vere til hjelp for å få i gong samtale og undring med eleven. Dei kan nyttast slik ein opplev det hensiktsmessig.

12.1 Kartlegging av skulesituasjonen

SPØRSMÅL FOR Å KARTLEGGJA SKULESITUASJONEN
Fråvær og vegringsåtfærd hoseleven Frekvens av fråvær, fråværsmonster, fråvær knytt til fag, situasjonar, personar, aktivitetar. Mønster av vegringsåtfærd utan fråvær, det vil seia at eleven prøver å unngå enkelte fag, situasjonar, personar, aktivitetar Har eleven tidlegare i skuleløpet hatt mykje fråvær eller vist teikn til vegringsåtfærd?
Blir eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller i fritida?
Vurdering av skulefagleg eller sosial kompetanse Fag/ område der eleven viser meistring eller trivsel Fag/område der eleven har vanskar
Enkelsituasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kvifor gjekk det bra denne gongen?
Kva viktige vaksenrelasjonar har eleven på skulen og korleis fungerer desse?
Er skuledagen organisert, strukturert og føreseieleg for eleven?
Kva tiltak er prøvd ut på skulen og korleis har dette fungert?
Kva tiltak sett i verk i samarbeidet skule og heim. Korleishar dette fungert? Om det er delt omsorg; er begge føresette samarbeidspartar? Korleis involvera begge?
FORSLAG TIL TILTAK: Kva kan skulen gjera?